


Avfall 2020
«Ressursar på rett veg»

Strategidokument for handsaming av avfall i SIMAS IKS

Generelt...



Oppgaver IKS;

- Lovpålagde oppgaver for kommunane i samsvar med Ureiningslova og selskapsavtalen

Oppgaver AS;

- Næringsrenovasjon og andre tilstøytande oppgaver

Samandrag

SIMAS har utarbeida ny strategiplan for perioden 2016-2020. Visjonen og overordna kvalitets- og miljøpolicy for selskapet er **Ressursar på rett veg**. Med dette peiker vi på avfallet som del av den sirkulære og grønne økonomien som er den framtidsretta økonomien ute i Europa og nasjonalt.

SIMAS har utarbeida delmål og operative mål, som er konkretisert i handlingsplanar, for tre utvalde strategiområder:

- Ressursar og kvalitet (kjerneverksemd)
- Kundar og samfunn (ekstern)
- Kompetanse og HMS (organisasjon)

Satsingsområda er basert på følgjande analyser og vurderingar: renovasjonsbenchmarkinganalyse, interessentanalyse, intern- og eksternanalyse, strategisk risikovurdering.

SIMAS vil i strategiperioden jobbe målretta for å oppretthalde og vidareutvikle miljøstandaren, effektivisere støttefunksjonar, betre kundetilfredsheit og tenestestandard, kompetansebygging, samt legge til rette for eit godt arbeidsmiljø med lågt sjukefråver.

Visjon og verdiar

Den overordna **visjonen** for SIMAS IKS er:

Ressursar på rett veg!

Kjerneverdiane i SIMAS er:

Nytenkjande, engasjert og stolt – med kunden i fokus

Mandat

Definert i §2 i selskapsavtalen til SIMAS IKS

- *Føremålet med selskapet er etter delegasjon å utføre eigarkommunane sine forvaltnings- og arbeidsoppgåver innan avfallshandteringa på ein best muleg måte økonomisk, ressurs- og miljømessig.*
- *Selskapet er tildelt einerett innanfor avfallshandteringa, og har ikkje erverv til føremål.*
- *I arbeidet med desse oppgåvene skal det også takast omsyn til brukarane/innbyggjarane sine ønskje og interesser.*

Kvalitets- og miljøpolicy

Kvalitets- og miljøpolitikken gjeld for heile SIMAS, på alle nivå, og er samanfatta i:

«Ressursar på rett veg»

For å sikre at vår kvalitets- og miljøpolicy vert forankra i bedrifta, har vi definert følgande mål:

- Leverer teneste i samsvar med renovasjonsforskrifta
- Gje kunden høve til å opptre miljøansvarleg
- Redusere miljøeffektar frå avfallshandtering
- Leverer produkt av høg kvalitet som tilfredsstillar sluttbrukarane sine spesifikasjonar og krav
- Leverer god service gjennom heile prosessen frå bestilling til leveranse
- Drive kontinuerleg forbetningsarbeid innan kvalitet- helse- miljø- og sikkerheitsarbeid
- Etterleve dei myndigheitskrav som gjeld for vår verksemd
- Auka motivasjon, trivsel og kompetanse hjå våre medarbeidarar gjennom kontinuerleg medarbeidarutvikling

Overordna mål

Ressursar
og kvalitet

SIMAS skal utnytte verdiane i avfallet, og bidra til minst muleg utslepp av klimagassar og miljøgifter, på ein kostnadseffektiv måte

Kundar og
samfunn

SIMAS sine kundar skal vere minst like fornøyd som abonnentane i andre regionar det er naturleg å samanlikne seg med

Kompetanse
og HMS

SIMAS skal ha fornøgde medarbeidarar i ein resultatorientert og flat organisasjon med klare mynde og ansvarsforhold

Strategiske satsingsområde



For å nå dei overordna måla til SIMAS skal SIMAS jobbe med strategiske satsingsområde som vist i figuren.

Vi har i kapittel 5 beskrive delmål for kvart av dei 3 strategiske satsingsområda til SIMAS.

Ressursar og kvalitet



Overordna mål innan 2020:

SIMAS skal utnytte verdiane i avfallet, og bidra til minst muleg utslepp av klimagassar og miljøgifter, på ein kostnadseffektiv måte:

Gebyret på standard abonnement skal ikkje vera høgare enn for andre selskap med same renovasjonsordning

Delmål *Ressursar og kvalitet*



Delmål 1

- SIMAS SKAL REDUSERE MENGDA AV NYTTIGE OG VERDIFULLE FRAKSJONAR I RESTAVFALLET GJENNOM KJELDESORTERING

Delmål 2

- INNAN 2020 SKAL SIMAS PRODUSERE EIT SALGBART PRODUKT AV DET VÅTORGANISKE AVFALLET

Delmål 3

- INNAN 2020 SKAL SIMAS HA ETABLERT EIT DRIFTS- OG KVALITETSOPPFØLGINGSYSTEM FOR Å MÅLE EFFEKTANE AV TILTAK

Delmål 4

- VIDAREUTVIKLE SIMAS NÆRING AS (SNAS) TIL Å BLI DEN FORETRUKNE NÆRINGSRENOVATØREN I EIGARKOMMUNANE

DELMÅL 1:

SIMAS SKAL REDUSERE MENGDA AV NYTTIGE OG VERDIFULLE FRAKSJONAR I RESTAVFALLET GJENNOM KJELDESORTERING



#	Operasjonelt mål:	Resultat	Status
1	Innan 2020 skal ikkje restavfallet innehalde tekstilar som kan sendast til gjenvinning	Redusert mengde restavfall, auka materialgjenvinning og ombruk, auka verdien på avfallet	
2	Innan 2020 skal ikkje restavfallet innehalde glas- og metall-emballasje	Redusert mengde restavfall, auka materialgjenvinning og ombruk, auka verdien på avfallet	
3	Innan 2020 skal ikkje restavfallet innehalde farleg avfall	Auka materialgjenvinning, ta ut farleg avfall frå kretsløpet	
4	Innan 2020 skal alle miljøstasjonane til Simas ha lagt til rette for ombruk	Redusert mengde restavfall, auka materialgjenvinning og ombruk	
5	Innan 2020 skal det vera innført kjeldesortering for hytte- og fritidsrenovasjon i heile SIMAS-regionen	Redusert mengde restavfall, , auka materialgjenvinning og ombruk	

Kundar og samfunn



Overordna mål innan 2020:

SIMAS sine kundar skal vera minst like fornøyd som abonnentane i andre regionar som det er naturleg å samanlikna seg med:

Kundetilfredsheiten skal vere over 80%

Delmål *Kundar og samfunn*



Delmål 1

- SIMAS SKAL VERE LEIANE PÅ INTERAKTIV KOMMUNIKASJON MED KUNDANE GJENNOM ULIKE KOMMUNIKASJONSPLATTFORMAR

Delmål 2

- SIMAS SKAL VERE EIN SYNLEG AKTØR I EIGARKOMMUNANE

Delmål 3

- SIMAS SKAL VERE EIN AKTIV RÅDGJEVAR PÅ KJELDESORTERING

Delmål 4

- AUKA KUNDETILFREDSHEIT VED Å AUKE TILGJENGELIGHEIT PÅ RETURPUNKT OG MILJØSTASJONANE

Kompetanse og HMS



Overordna mål innan 2020:

SIMAS skal ha fornøyde medarbeidarar i resultatorientert flat organisasjon med klare mynde- og ansvarsforhold:

Vi skal ha mindre en 10% i raud sone på den interne temperaturmålinga

Delmål *Kompetanse og HMS*



Delmål 1

- VIDAREUTVIKLE SIMAS SOM EIN KOMPETANSEARBEIDSPASS

Delmål 2

- SIMAS SKAL IKKJE HA ARBEIDSULYKKER ELLER NESTEN ULYKKER PÅ SINE OMRÅDE ELLER I TENESTE

Delmål 3

- SIMAS SKAL HALVERE LANGTIDSSJUKEFRÅVÆRET MED UTGANGSPUNKT I STATISTIKK VED ÅRSSLUTT 2015 INNAN UTGANGEN AV 2017

Delmål 4

- SIMAS SKAL VERE LEIANDE PÅ KOMPETANSE FOR MOTTAK OG HANDSAMING AV FARLEG AVFALL